

# Årsmelding 2015 for Harding Puls





# Årsmelding for Harding Puls 2015

## INNLEIING

Harding Puls vart skipa 6. november 1993 som eit tverrfagleg forum for yrkesaktive kunstnarar og kulturutøvarar i eller frå Hardangerregionen.

Harding Puls vert no framstilt som ein kunstnarorganisasjon.

Harding Puls har som mål å:

- vera ein idé- og kontaktskapande organisasjon
- stimulera til samarbeid og samkvem som gjev faglege impulsar
- arbeida for å styrkja fagleg kompetanse
- styrkja medlemmane sin identitet som skapande / utøvande kunstnarar
- vera med å synleggjera eigenart, originalitet og tradisjon i regionen
- arbeida for auka bruk av kunst og kunstnarar i regionen

### Medlemskap

Som medlemmer kan takast opp utdanna og/eller yrkesaktive kunsthandverkarar, biletkunstnarar, fotografar, musikarar, forfattarar, skodespelarar, formgjevarar og andre som arbeidar kreativt skapande. Medlemene skal vera frå Hardanger og/eller bu/virka i Hardanger.

### Assosiert medlemskap

Medlemmer som flyttar frå regionen og ikkje er frå eller har hatt sin oppvekst i Hardanger, kjem ikkje lenger inn under kriteria for vanleg medlemskap. Desse får tilbod om å halda kontakten med Harding Puls gjennom eit assosiert medlemskap.

### Rekrutterings- / studentmedlemskap

Harding Puls har og eit rekrutterings-/studentmedlemskap for personar som er under utdanning på høgskule eller er i ein opplæringsfase, for eksempel går i lære.

### År 2015

var Harding Puls sitt 22. driftsår. Styret, ved arbeidande styreleiar, har hatt ansvar for administrasjon av organisasjonen. Prosjektgruppene har saman med leiar hatt ansvar for gjennomføring av prosjekta.

Hovudoppgåvene i 2015 har vore:

- Gjennomføra andre året av *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!* – Kunstlandskap Hardanger.
- Skriva avtale med komponisten Knut Vaage for eit Tingingsverk for 5 musikarar i Harding Puls.
- Planlegge bok som dokumenterer dei 3 åra av *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!*
- Invitere nye kunstnarar for 2016 til synfaring i kunstløypane i *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!*

---

Bilete på framsida: kunstnar Ingeborg Annie Lindahl. Tittel: *Relight my mind.*

Foto: Oddleiv Apneseth

# HARDING PULS TINGET 2015

Kunstnarhuset Messen i Ålvik, laurdag 7. mars.

Styret valde også dette året å ha Tinget på ein dag. Dagen inneheldt både medlemsmøte, årsmøte, fagleg innslag og hyggjeleg samvær.

## Medlemsmøte

Dagen starta med medlemsmøte. Medlemene fekk orienteringar og kunne diskutere saker som skulle opp på årsmøtet seinare på dagen.



## Fagleg program

Komponisten Knut Vaage hadde eit svært interessant og inspirerende foredrag. Han spelte av fleire lydseksemplar frå musikken sin. Reidun Horvei og Geir Botnen framførte og to av komposisjonane hans til tekst av Olav H. Hauge. Bakgrunnen for foredraget var at styret i Harding Puls har engasjert komponisten om å skriva eit Tingingsverk for kunstverket av Jaakko Pernu som er sett opp på Straumhaugen i Norheimsund. Styret arbeider med å søkje midlar til dette prosjektet.



## Årsmøte

Årsmøtet godkjente Årsmelding og rekneskap for 2014. Handlingsplan og budsjett for 2016 vart godkjent med ei lita endring.

### Val av tillitsfolk

Alle som var på val vart attvalde.

Solfrid Aksnes	attvald styreleiar
Reidun Horvei	attvald
Guro Øverbye	attvald
Inger Elisabeth Aarvik	ikkje på val
Nina Bang Larsen	ikkje på val

Lars Korff Lofthus	1. vara	ikkje på val
Ingerid Jordal	2. vara	ikkje på val
Svein Nå	3. vara	attvald

**Valnemnd for 2016:** Kristi Skintveit og Geir Botnen.

**Deltaking:** 15 medlemmer deltok på Harding Puls Tinget 2015.

## Middag og hyggjeleg lag

Dagen vart avslutta med middag levert frå kafeen i Ålvik.

# RAPPORT - drift av Harding Puls

## Medlemer

31.12.15 hadde Harding Puls 69 vanlege medlemer, 1 student medlem og 5 assosierte medlemer. Me har fått 2 nye medlemer i 2015, og 1 medlem har meldt seg ut.

## Styret

Styret har hatt 4 styremøte i 2015 og handsama 27 saker.  
Møtestad har vore i Kunstnarhuset Messen i Ålvik, Galleri Puls i Norheimsund og hjå Reidun Horvei på Voss.

## Kontor og administrasjon

Styreleiar, med ansvar for den daglege drifta, har for det meste nytta sin eigen kontorstad. Ho har og kombinert kontorarbeid med vakt i Galleri Puls. I tillegg har ho kontordagar i Kunstnarhuset Messen i Ålvik for å halde kontakten med aktiviteten i kunstnarhuset. Kontorfunksjonane til Harding Puls har vorte utført med privat datautstyr hjå leiar og andre medlemer.

## Lagerplass

Harding Puls leiger eit lagerrom i Kunstnarhuset Messen. I tillegg vert også materiale for Harding Puls lagra privat hjå styreleiar.

## Formidling

Leiar i Harding Puls har formidla namn på kunstnarar til ulike gåveinnkjøp og andre oppdrag. Ho har og formidla ein open invitasjon frå Ulvik herad om å melde si interesse for eit utsmykkingsoppdrag i tillegg til å formidla namn på kunstnarar som var interessert i konsulent oppdraget. Ulvik herad valde Ingunn Van Etten som kunstnarisk konsulent for å hjelpe kommunen i prosessen med val av kunstnar til utsmykkingsoppdraget. Leiar formidlar også invitasjonar til medlemene i Harding Puls til ulike kunstnarpresentasjonar av gjestekunstnarane i Kunstnarhuset Messen.

## Hordaland fylkeskommune sin kulturkonferanse

Solfrid Aksnes deltok på konferansen i Bergen 12. - 13. november 2015.

## Rekneskap og revisjon

Kasserar for Harding Puls er Guro Øverbye. Rekneskapskontoret Vekstra Hardanger og Voss AS har føring av rekneskapet vår og utbetaling av løn. Torgeir Magnar Børve som er autorisert rekneskapsfører, har revidert rekneskapet dei siste åra. Sparebanken Vest er vårt faste banksamband.

## Tilskot til administrasjon og prosjektutvikling for 2015

Tilskot frå Kvam herad	kr. 80.000
Tilskot frå Eidfjord kommune	kr. 15.000
Tilskot frå Ulvik herad	kr. 15.000
Tilskot frå Ullensvang herad	kr. 15.000
<u>Tilskot frå Hordaland fylkeskommune</u>	<u>kr. 80.000</u>
<b>Til saman</b>	<b>kr. 205.000</b>

## MARKNADSFØRING av Harding Puls

### Nettside – [www.hardingpuls.no](http://www.hardingpuls.no)

Harding Puls må fornya nettsidene, noko som me lyt prioritera framover og skaffa midlar til. Det er mange år sidan nettsida vart laga og fleire nettlesarar støttar ikkje lenger alle oppdateringsfunksjonane som nettsida vår har. Ved å bruka ulike nettlesarar for ulike operasjonar kan me framleis få til oppdateringar, men dette er arbeidskrevjande.

Styreleiar har hatt ansvaret for å skifta bilete og informasjon på sida for *aktuelt* og leggje inn prosjekta. I 2015 har me ikkje hatt hjelp for oppdatering av medlemene sine sider etter at Jorunn Hanto-Haugse sa frå seg oppgåva hausten 2014.

### Visningsveggane

Harding Puls har Visningsveggar på Hardanger folkemuseum på Utne og Rica Brakanes kurs- og konferansesenter i Ulvik. Veggene i Ulvik er særst utsett for sterkt sollys og fekk haust 2014 nye bilete og skifte av øydelagde namneplater.

Det er planar om å oppdatere veggane og i tillegg finna ei digital løysing som kan erstatta dei veggane me har tatt ned hjå NVIM og Hardanger fartøyvernsenter. Med digitale skjermar kan det verta aktuelt å presentere oss fleire stader.

### Katalogen *Harding Puls 48*

Katalogane til Harding Puls er eit viktig verktøy for å marknadsføre oss og fortelja kven kunstnarane er. Den siste katalogen viser og ei stor fagleg breidde, der både biletkunstnarar, kunsthandverkarar, musikarar, skodespelarar, med fleire er representert.

Publikum finn katalogen mellom anna på Hardanger folkemuseum, Kunsthuset Kabuso, Galleri Puls, Galleri N. Bergslien, NVIM, Agatunet, Hordaland Kunstsenter og på ulike utstillingar og konsertar med medlemene. I tillegg prøver me å spreia den til turistkontora, hotella og andre overnattingsstader i Hardanger.

Katalogen er snart seks år gamal. Nye kunstnarar har kome til Hardanger og nokre kunstnarar har flytta frå Hardanger og meldt seg ut av Harding Puls. Det er difor naudsynleg å produsera ein ny og oppdatert katalog.

## REPRESENTANTAR i ulike styre og utval

### Hardanger Kunsts skule ( HAKU )

Harding Puls har ein representant i styret for stiftinga som eig skulen. I 2015 var det Bjørn Brynjolf Pedersen med Hildegunn Strømme som personleg vararepresentant.

I skulestyret set Els Geelen og Lars Korff Lofthus frå Harding Puls.

Wim van den Toorn var tilsett som lærar.

Diverre måtte skulen leggje ned etter avslutta skuleår 2014/2015 pga lite elevsøknadar.

### Kulturfondet i Odda

Johild Mæland er Harding Puls sin representant i Kulturfondet i Odda med

Lars Korff Lofthus som personleg vararepresentant.

### Stiftinga Messen Kunst- og Kulturhus

Solfrid Aksnes frå Harding Puls er styremedlem i *Stiftinga Messen Kunst- og Kulturhus* som er eigar av bygget Messen i Ålvik med tilhøyrande eigedom.

### Kunstnarhuset Messen

Aud Bækkelund og Els Geelen er Harding Puls sine representantar i styret for drifta av Kunstnarhuset Messen. Dei har hatt ansvaret for gjennomgang av søknadane og opphald i huset og sikrar at dei som får plass har dei rette kvalifikasjonane.

### Hardanger Kunstmuseum

Invitasjonen til eit ope møte om å etablere eit Hardanger Kunstmuseum i Odda, vart formidla vidare til medlemen i Harding Puls før jul. 4 medlemmer ( Inger Elisabeth Aarvik, Siri Kvalfoss, Tone Tornøe og Solfrid Aksnes) møtte på møtet i Tyssedal 12. januar. Solfrid vart valt inn i gruppa som skal førebu eit forprosjekt. Hardangerrådet tok på seg sekretærfunksjonen.

## SAMARBEID med Kunstnarhuset Messen i Ålvik

### Kunstnarhuset Messen og Harding Puls

Styreleiar har fortset den gode kontakten med Kunstnarhuset Messen ved å ha ein del kontordagar i Ålvik og jamlege samtalar med dagleg leiar Stig Lundblad Sandbakk.

### Harding Puls medlemmer i Kunstnarhuset Messen

Kunstnarane i Harding Puls kan få arbeidsrom/ studio og hybel i Messen for kortare eller lengre periodar.

Odveig Klyve nytta seg av tilbodet i 2015 då ho hadde eit samarbeid med ein av gjestekunstnarane i huset.

Ranveig Helen Læg Reid nytta også tilbodet om eit opphald i huset dette året.

Fleire av Harding Puls kunstnarane har fast atelierplass og øvingsrom der. Desse er: Wim van den Toorn, Judith Elisabeth de Haan, Simone Hooymans, Knut Hamre. Og enkelt brukar pressa inne i mellom, som Els Geelen på bilete.



## Mellom Himmel og Fjord.



Mellom Himmel og Fjord. SJÅ! er planlagt som eit 3-årig prosjekt med kunst i landskapet, i regi av kunstnarorganisasjonen Harding Puls. Fire områder i Hardanger fekk si kunstløype i 2014. Nye kunstverk har vorte tilført kunstløypene i 2015.

## Kunstlandskap Hardanger

[www.kunstlandskap.no](http://www.kunstlandskap.no)



### MELLOM HIMMEL OG FJORD. SJÅ!

Det andre året av Mellom Himmel og Fjord. SJÅ! er gjennomført. Nye kunstverk er på plass i dei same områda som me valde ut i 2014, samtidig som dei fleste kunstverka frå 2014 framleis står der. Publikum kunne gleda seg over fleire kunstverk langs kunstløypene.

### PROSJEKTGRUPPE og KURATOR

Solfrid Aksnes (leiar) og Aud Bækkelund. Kunstnarleg kurator Kjell-Erik Ruud.

## SYNFARING

Kunstnarane for 2015 vart inviterte til synfaring allereie hausten 2014, med klart atterhald om at gjennomføringa var avhengig av nødvendige tilskot. Utne Hotell sponsa synfaringshelga med rimeleg overnatting og mat.

## AVTALAR

Då økonomien kom nokolunde på plass, kunne me teikna avtalar med kunstnarane som var villige til å ta del og gjennomføra prosjektet, men då med eit lågare honorar.

## UTVEKSLING AV IDEAR og FAGLEG UTBYTE

Det er ein ressurs for kunstnarane, både våre egne og dei me inviterer, å kunne drøfta idear og plassering med kuratoren Kjell-Erik Ruud som Harding Puls har engasjert. Me ser at fleire av våre egne kunstnarar har fått løfta seg fagleg i samband med dei utfordringane dei har fått i dette prosjektet.

## ARBEIDSPERIODE 08. – 22. mai - 2015

Fleire kunstnarar nytta heile arbeidsperioden på staden, mens andre fann det meir praktisk å få laga kunstverka på sin eigen arbeidsplass og deretter montera dei på staden.

## På MÆLEN var fleire kunstnarar i arbeid heile perioden og budde hjå

Hardanger Kulturgalleri.

Her hadde kunstnarane trong for hjelp frå kyndige handverkarar.

Harding Puls kontakta Grendalaget i Herand som skaffa oss ein god hjelpar, Alvhild Samland, til å organisering den delen. Ho hyra inn to kyndige menn, Gunnar Samland og Arne Bergstø som gjorde ein framifrå dugnadsjobb for kunstnarane og deira kunstverk. Jondal Stål tok utfordringa til den eine kunstnaren på strak arm og medvirka med viktig hjelp. Her har bygdefolket tatt prosjektet til seg og er svært oppglødde for dei nye og spanande kunstverka.

## På UTNE kom kunstnarane og monterte i løpet av 1-2 dagar. Her fekk kunstnarane

god hjelp av handtverkarane på museet.

Frå 2014 vart 3 verk tatt vekk då dei ikkje var representative lenger.

Utne Hotell og Hardanger folkemuseum er gode ambassadørar for kunstløypa og tilrår gjestene sine området. Innbyggjarane i bygda er elles flittige brukarar av heile område.

## På BU arbeidde ein kunstnar heile periode på staden. Dei andre kunstnarane

laga sine verk på eigen arbeidsplass og kom å monterte verka i løpet av 1-2 dagar.

Her er Bu kafé god formidlar av kunstløypa, og me får tilbakemelding om at det er stor interesse frå bygda for prosjektet.

## I NORHEIMSUND arbeidde kunstnarane i 3-5 dagar på staden. Denne staden fekk

færre kunstverk i år, og skal prioriterast neste år.

Det vart teke bort eitt kunstverk frå 2014 medan eitt verk vart stole. Videoverket som me viste i fjor vart tatt ned allereie på slutten av sommaren i 2014.

Her har me godt samarbeid med Hardanger Fartøyvernssenter og god kontakt med kommunen.



OPNINGA 2015 vart gjennomført etter planen:

Laurdag 23. mai kl. 12.00 – Bu	i Ullensvang herad. Opnar: Randi Bårtvedt, direktør for HVM
Laurdag 23. mai kl. 16.30 – Utne	i Ullensvang herad Opnar: Randi Bårtvedt, direktør for HVM Poesi og musikk ved Odveig Klyve og Eva Pfitzenmaier
Sundag 24. mai kl. 12.00 – Mælen	i Jondal kommune Opnar: Jon Larsgard, ordfører i Jondal
Sundag 24. mai kl. 16.30 – Norheimsund	i Kvam herad Opnar: Knut Markhus, kultursjef i Kvam Poesi og musikk ved Odveig Klyve og Terje Isungset

## MARKNADSFØRING

I år har me produsert plakatar og faldar for å spreie omkring i Hardanger.  
Nye namneskilt i metall og skilt med postkassar til informasjon i løypene er kome på plass.  
Annonsering både i lokale og regionale aviser.  
Samt annonser i nasjonale kunsttidsskrift og i reisemagasinet for Hardanger.  
Nettsida vår [www.kunstlandskap.no](http://www.kunstlandskap.no) er også oppdatert.

## DOKUMENTASJON

Fotograf Oddleiv Apneseth har dokumentert kunsten som er vorte skapt og sjøve prosessen undervegs. Dette arbeider me for å få synleggjort gjennom eit bokverk i etterkant.

## MEDIEOMTALE i 2015

Marita Aarekol frå Bergens Tidene laga ein 3 sides fotoreportasje frå prosjektet på Mælen.  
Hordaland-Avis hadde ein reportasjen  
Hardanger Folkeblad hadde reportasjer.  
Reisemagasinet RETT VEST hadde 3 oppslagssider.  
Aftenposten bad om materiell på hausten.  
Me har opplevd ei aukande interesse utanfrå dette året.

## PLANEN VIDARE FOR 2016

Helga 25. – 27. september 2015 inviterte me nye kunstnarar til synfaringshelg.  
Utne Hotell sponsa også denne synfaringshelga med rimeleg overnatting og mat.

Me har avtale med organisasjonen Oranki Art i Finland om å utveksle kunstnarar.  
Dei driv eit liknande prosjekt som vårt. Det vert og invitert kunstnarar frå dei andre nordiske landa.

Arbeidsperioden vert: 29. april – 13. mai, 2016  
Opning: 14. – 15. mai, 2016

## Fylgjande kunstnarar har skapt kunstverk i 2014 og 2015:

### Utne - på uteområdet til Hardanger folkemuseum

**2014:** Essi Korva, Mona Nordaas, Aud Bækkelund, Johild Mæland, Svein Nå, Ann Kristin Aas, Judith E. de Haan

**2015:** Lasse Årikstad (1), Anne Knutsen (2), Silje Solvi (3), Felieke van der Leest (4)



1



2



3



4

### Norheimsund - Straumhaugen -Strandvegen - Hardanger Fartøyvernsenter

**2014:** Jaakko Pernu, Gitte Sætre, Felieke van der Leest, Els Geelen, Vanesa van Vlerken, Silje Solvi.

**2015:** Nina Bang Larsen og Kristin George-Velle (1), Tom S. Kosmo (2)



1




2

## Mælen i Herand - langs vegen ut til Mælen

**2014:** Siri Kollandsrud, Solfrid Aksnes, Arne B. Mælen.

**2015:** Ingeborg Annie Lindahl (1), Tinna Gunnarsdottir (2)  
Bjørn Kromann-Andersen og Jens Rømer (3)



1



2



3

## Bu ved Hardangerbrua - ned langs gang- og sykkelvegen

**2014:** Unni Askeland, Kirsti van Hoegee, Agurtxane Concellon.

**2015:** Svein Nå (1) Peder Istad (2) Guro Øverbye (3) Johild Mæland (4)



1



2



3



4

### ØKONOMISK STØTTE fram til no.

Hordaland fylkeskommune, 3-årige KUP-midler (2014 - 2016)

Norsk Kulturråd, 2-årige prosjektmidler (2015 – 2016)

Sparebankstiftinga Hardanger (2015 - 2016)

Regionalt Næringsfond Hardanger (2014)

Hardanger 2014 (2014)

Hardanger Kulturråd (2015)

Nordisk Kulturfond (2015)

Norske Kunsthandtverkarar (2015)

Kvam herad (2014 – 2015)

Jondal kommune (2015 )

Kvam Kraftverk (2014)

Hardanger Energi (2014)

BKK (2014)

Mange næringsføretak, både i Hardanger og i kunstnarane sine heime-område har sponsa med materiale. Nokre av kunstnarane har mellom anna fått direkte stønad til sine verk frå Norsk Kulturråd, Kunstnarane sitt Vederlagsfond, Bergen kommune og Eidfjord kommune.


### Tilskot for 2015

Hordaland fylke, KUP-midlar	kr.	145.000	
Kvam herad	kr.	30.000	
Jondal kommune	kr.	15.000	
Sparebankstiftinga Hardanger	kr.	100.000	i 2 år
Norsk Kulturråd, prosjektstøtte	kr.	150.000	i 2 år
Nordisk Kulturfond	kr.	118.000	
Norske Kunsthåndverkere	kr.	10.000	
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>568.000</b>	



Kunstnarar på synfaring på Mælen

Foto: Oddleiv Apneseth



Synfaring på Bu og i Norheimsund

Foto: Oddleiv Apneseth

## Poesi og musikk i landskap

**23. – 24. mai** gjennomførte Harding Puls opning av dei 4 kunstløyper i Hardanger.

Me valde å avgrensa *Poesi og musikk i landskapet* til 2 opningar, då me fekk avgrensa tilskot til dette prosjektet.

Som so ofte innan for kunst- og kulturfeltet fekk me gjennomføra prosjektet innan eit mindre budsjett, takka vera artistane/kunstnarane sin velvilje til lågare honorar og noko eigen innsats. Begge arrangementa vart gjennomført på ein flott måte.

**23. mai kl. 16.30**

**På UTNE**

Kunstvandring

Poesi og Musikk i landskapet

Forfattar og poet: Odveig Klyve

Musikar: Eva Pfitzenmaier, digitale komposisjonar



*Odveig Klyve og Eva Pfitzenmaier.*

*Foto: Aud Bækkelund*

Odveig Klyve og Eva Pfitzenmaier gav fyrste del av deira bidrag nede ved kaien på Hardanger folkemuseum, på Utne. Den andre delen gav dei oppe i museumstunet.

**24. mai kl. 17.00 I NORHEIMSUND**  
Kunstvandring  
Poesi og Musikk i landskapet  
Forfattar og poet: Odveig Klyve.  
Musikar: Terje Isungset, perkusjon

Forfattar og poet Odveig Klyve hadde saman med Terje Isungset sett saman ei poetisk og musikalsk reise med tanke på kunstverka langs løypa. P.g.a. svært dårleg vær med regn og kulde, framførde artistane sitt program inne på Hardanger Fartøyvernssenter etter at publikum hadde gått gjennom kunstløypa.



*Terje Isungset og Odveig Klyve.*

*Foto: Solfrid Aksnes*

**Innvilga tilskot til dei to opningane med *Poesi og musikk*.**

Hordaland Fylke	kr. 15.000
Norsk Forfattarsentrum	kr. 6.300
Norheimsund Næringslag	kr. 2.500

# Galleri Puls i Norheimsund

www.galleripuls.no



Aud Bækkelund, Kwestan Jamal Bawan og Solfrid Aksnes har ansvaret for drifta av galleriet. I januar og februar presenterte ein kunstnar to videoarbeid på vindaugo, medan galleriet var stengt. Resten av året hadde galleriet eit tett utstillingsprogram.

Arbeidet med galleriet og mykje av vakthaldet vert stort sett utført på dugnad. Kunstnarane som stiller ut, monterte sjølv utstillingane sine med hjelp frå gallerigruppa. Fleire av kunstnarane har også tatt nokre vakter i sin utstillingsperiode. For fellesutstillinga JulePULS hadde gallerigruppa heile monteringsarbeidet. I 2015 har galleriet betalt to-tre studentar frå HAKU for å ta kvar sine laurdagsvakter. Det har fungert svært bra og har letta arbeidet for gallerigruppa.

I samband med JulePULS arrangerte me også i år ein Bokkafé.

Galleriet har fine lokale med gode veggar, soklar, skilt og nettsider takka vera tilskot frå Kvam Næringsfond og Regionalt Næringsfond Hardanger i 2013. Frå før har Kvam herad investert i spotlightopplegg, elektriske rullegardiner for vindaugo, stolar og innbrotsalarm. Kvam herad leiger lokala og betalar i tillegg straum. Dei stiller lokala gratis til disposisjon for galleridrift.

## Utstillingsprogram i Galleri Puls i 2015

20. januar – 1. mars

Anne Knutsen – video på vindaugo



**Tittel:** *DRIVHUS I og DRIVHUS II*

Begge videoane viser same motiv der naturen har tatt tilbake eit drivhus.

*Drivhus I* er filma om sommaren, mens *Drivhus II* er filma om vinteren, med halvanna års mellomrom.

11. april - 09. mai

Anne Knutsdatter Wille - installasjon og maleri



**Tittel:** *Life-saving devices*

Utstillinga inneheldt fleire hundre små menneskefigurar, samt teikningar, materialbilete og maleri. Golv og veggar vart tatt i bruk for å fortelja noko om at menneska har forskjellige måtar å finna overlevingsstrategiar på i vanskelege situasjonar: "Kva gjev livet meining for oss? Kva er me i stand til å tåle for å halde oss i live?"

26. mai - 6. juni

Hardanger Kunstskeule HAKU  
Elevutstilling.



11. juni - 25. juli

Jarle Rosseland



**Tittel:** *Jarle Rosseland, grafikk*

Utstillinga opna til Hardingtonar. Rosseland hadde også laga plakaten til Hardingtonar 2015.

**Hardingtonarplakatar.**

Galleriet viste samtidig ein plakatutstilling med alle plakatane for Hardingtonar sidan oppstaren for 25 år sidan.

**Opnarar:** Gyri Tveitt og Signe Rosseland

01. aug - 29. aug

Marco Angelucci




**Tittel:** *Mørke og lys*

Marco viste eit stort antal maleri med motiv frå Kvam.

05. sept – 3.okt

BLOKK - ei gruppeutstilling



BLOKK er eit kunstnarstyrt atelierfellesskap i Bergen

Utstillarane var: Anngjerd Rustad, Cato Løland, Cecilia Jonsson, Corrina Thornton, Elin Brissman, Erlend Grevskott, Gabriel Johann Kvendseth, Hans Christian van Nijkerk, Helene Norseth, Håkon Holm-Olsen, Heidi Kårtveit, Karin Blomgren, Klara Sofie Ludvigsen, Linda Soh Trengereid, Vegard Vindenes.

10. okt - 07. nov.

Aud Bækkelund, Kwestan Jamal Bawan og Solfrid Aksnes



**Tittel:** *Oss 3*

**Opnar:** Bjørn B. Pedersen

14. nov – 20. des

JulePuls.

Her fekk me inn kunstverk og kunsthandverk frå 23 kunstnarar samt eit utval bøker.

21. nov. kl. 15.00 – 17.00

**Bokkafé** - presentasjonar, fingermat og god drikke. Ca 25 stk møtte.

Lisbeth Dreyer - presenterte boka si *Knud Knudsens album*.

Odveig Klyve - las frå ny bok *La oss ta den blå himmelen med storm*.

Ingrid Berven - presenterte boka si om hennar kunst.



## PROSJEKTPLANAR framover

### Mellom Himmel og Fjord. SJÅ ! 2016

Prosjektet har 3-årige KUP-midlar frå Hordaland Fylkeskommune. Me arbeider med gjennomføringa i 2016. Om prosjektet skal fortsetje i fleire år, må me gå ein runde med kommunane, fylket og andre involverte med spørsmål om det er ynskje om ei vidare utvikling av kunstløypene, og om dei kan løyve naudsynlege midlar.

### Dokumentasjon / Bokprosjekt 2016.

Me planleggje å få laga ei bok med bilete og omtale av kunstverka i kunstløypene. Prosjektgruppa for Mellom Himmel og Fjord. SJÅ! var i møte med forlaget SKALD på hausten 2015 og fekk ein intensjonsavtale med dei om å produsera boka for oss. Kravet er at me skaffe økonomien som skal til og på den måten kjøpe tenesta hjå forlaget.

### Tingingsverk til Jaakko Pernu sitt kunstverk i 2016

Harding Puls planleggje eit musikalsk prosjekt i samband med *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!* På våren 2015 fekk me positiv svar på søknaden til Norsk Komponistfond om eit komponisthonorar til eit Tingingsverk. Me har skrive avtale med komponisten Knut Vaage som skal skriva eit Tingingsverk til kunstverket av Jaakko Pernu som står på Straumhaugen i Norheimsund. Tingingsverket skal skrivast for 5 musikarar i Harding Puls. Dei er plukka ut mellom dei 10 som hadde meldt si interesse. Harding Puls har og fått tilskot frå fylket og BKK til produksjon og framføring. Det vert arbeidd vidare med å få økonomi til å gjere opptak av Tingingsverket, slik at det kan spelast av i Galleri Puls utover året saman med ei biletfamsyning av kunstverket.

### Søknad til Nordens Hus på Færøyane

Me har fått svar frå Nordens Hus på Færøyane som vil sjå på søknaden vår eit anna år.

### Utvexling med Oranki Art i Nord Finland i 2016

Kurator Kjell-Erik Ruud har vitja Land Art-prosjektet, Oranki Art, i Nord Finland. Dei er interessert i eit samarbeid med Harding Puls og utveksling av kunstnarar. Me kan sende x antal kunstnarar frå Harding Puls for å skapa kunstverk i Oranki Art sitt prosjekt og dei sender x antal kunstnarar til å skapa kunstverk i prosjektet vårt, *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!*

### Hardanger OPEN

Styret i Harding Puls vil prøva å arrangera Hardanger OPEN på ein samla stad og har peika ut bygda Utne. Målet er at alle kunstnarane som vil delta skal installera seg i ulike lokale på Utne og at musikarar og forfattarar også kan ha framføringar i same lokala som dei visuelle kunstnarane. Styret i Harding Puls bad i 2015 Johild Mæland, Frank Rolland og Elisabeth N. Emmerhoff vera med i ei prosjektgruppe for å planlegge eit prosjekt på Utne.

Styreleiar hadde fyrst møte med Johild Mæland og Frank Rolland på museet på Utne den 12. februar. Hotellsjefen på Utne hotell, Ketil Widding, vart invitert med på neste møte som var på Utne hotell den 4. mars. Idear og praktisk gjennomføring vart diskutert og planlagt med håp om å arrangere Hardanger OPEN på hausten, same helg som Hardanger folkemuseum hadde Open dag.

Me innsåg etter kvart at ingen av medlemene i prosjektgruppa hadde kapasitet til å arrangere dette denne hausten og utsette difor prosjektet til 2016, eventuelt i 2017.

## SLUTTORD

Harding Puls har på nytt hatt eit svært aktivt år der kunstprosjekt, *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ! – Kunstlandskap Hardanger*, med kunstverk i landskapet har stått i sentrum.

Kunstnarane i Harding Puls har eit mangfald av spanande idear og planar både for eigen kunstnarleg verksemd, men og for inspirerende fellesprosjekt. Harding Puls tek tak i idear for fellesprosjekt.

Me er glade for å virke i ein region som har djupe røter for kunst og kultur. Kunstnarane i dag er med og vidareføre omdøme og innhaldet av Hardanger som ein kunst- og kulturregion, som vert lagt merke til. Kunstnarane i Harding Puls er aktive både regionalt, nasjonalt og internasjonalt og dei set alle på ein kompetanse og ressurs på sitt fagfelt.

Me vonar Hordaland Fylkeskommune og kommunane i Hardanger vil vidareføra den økonomiske stønaden slik at Harding Puls sitt kreative arbeid kan halde fram. Med økonomiske råmer som står i høve til innsatsen vår, vil kunst- og kulturfeltet i Hardanger halda fram si bløming.



*Silje Solvi monterer sitt verk på eit nausttak på Utne.*

*Foto: Oddleiv Apneseth*